



Elisabeth Klette har allereie selt 13 av bileta sine (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Salget har vore godt på kunstutstillinga som Elisabeth Klette har i Kunst & Ramme sine lokale. Innhavaren av Kunst & Ramme, Kjetil Dagestad, kan opplysa om at det allereie er selt 13 bilde.**

Vi skjønner godt at utstillinga har blitt populær. Her vert det presentert kunst gjennom nydelege akryl-måleri. I tillegg har motiva på mange av måleria lokal tilknytning. Fleire av dei er henta frå vår eiga bygd. Men ein treng ikkje fotvila om favorittbilde skulle vera selt. Kunstnaren tar nemleg opp bestilling, og ho vil då ta fram pensel og mala nytt bilde med tilsvarende motiv. Utstillinga vert ståande ut oktober.

Dersom ein ikkje har høve til å vitja Kunst & Ramme i opningstida på fredagar og laurdagar, er det berre å ta ein telefon til innehavaren, 415 04 115. Her er det tydelegvis lagt vekt på at det skal vera topp service!

Gledeleg er det og å høyra at Dagestad kan melde om god aktivitet i rammeverkstaden. Han fortel at han må ta kveldar til hjelp i tillegg til den faste opningstida. Men så vert det jo sagt at ei fin ramme er meir enn halve bildet. Og endå travlare skulle vi tru det vert i tida framover mot jul. Bilde med fine og tilpassa rammer burde vera den perfekte julegåva. Kanskje det kan vera lurt å vera ute i god tid?

Av Thor Inge Døssland